



Arkivnr: 2014/22427-39

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		19.04.2017
Utval for miljø og samferdsel		20.04.2017

Punktutbetring og trygge skulevegar - søknad om midlar 2017**Samandrag**

Fylkestinget sette av 20 mill. kr til punktutbetring og trygg skuleveg i *PS 91/2016 Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020*. I mars 2017 gjorde fylkestinget vedtak om å gjøre desse midlane søkbare for kommunane gjennom ei søknadsordning. Utval for miljø og samferdsel (MISA) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga, og søknadsfristen vart sett til 1. april 2017. Innan fristen kom det inn 38 søknader frå totalt 23 kommunar. Søknadssummen var på 58,3 mill. kr. I 2016 kom det inn 26 søknader frå 17 kommunar (10 mill kr).

Det har kome inn mange gode søknader, og det har vore krevjande å fordele tilskota.

Dei aller fleste tiltaka omhandlar utbetring av fortau, gangfelt, vegljos, busslommer, rekkverk og siktutbetring. For nokre av dei største tiltaka kan det synast som om kostnadsramma er noko låg sett i høve til det tiltaket faktisk inneber, medan andre har sett ei høg kostnadsramme. Ut frå at det er kommunane som er byggherre, er dei ansvarlege for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

Forslag til innstilling

1. Utval for miljø og samferdsel (MISA) ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fekk tilsegn i tida som kjem.
2. Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjev tilsegn til følgjande søknader:

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	Sikring av 5 kryssingspunkt	2 200 000
2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Toftegård	Veglys, Mastrevik-Toftegård. 2,2 km	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	Etablere veglys 600 meter, Totland-Grunnavågen, Moster	850 000
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredd, grøfting, belysning, murar, avkjørsel	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystesse	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
6	KVINNHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	Veglys og kantstopp for buss for skuleborn	1 600 000
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000
8	OS	Veglys, Åsen	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
9	STORD 2	Intensivbelysning Leikvik sentrum Kulturhuset	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leikvik sentrum.	300 000
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass på Fjellvegen, 100 m.	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	Etablere fortau for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
13	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuke trafikantar og trygg skuleveg i Vaksdal (Duesvingen).	500 000
SUM				20 000 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Alle søknadane_Punktutbetring og trygge skulevegar_ 2017

Fylkesrådmannen, 30.03.2017

Bakgrunn

Fylkesvegnettet i Hordaland har ein svært varierande standard. Sjølv om ein del av vegnettet er bra, så er det mykje som har låg, og dels därleg, standard. Mykje av dette er også skuleveg. Det er kostnads-krevjande å utbetre vegnettet, men med relativt lite midlar kan særlege punkt langs vegen takast. Slike mindre tiltak har svært mykje å sei for dei som ferdast langs vegen. Fylkestinget sette av 20 mill. kr til punktutbetring og trygg skuleveg i *PS 91/2016 Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020*. I mars 2017 gjorde fylkestinget vedtak om å gjøre desse midlane søkbare for kommunane gjennom ei søknadsordning. Utval for miljø og samferdsel (MISA) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga, og søknadsfristen vart sett til 1. april 2017. Innan fristen kom det inn 38 søknader frå totalt 23 kommunar. Søknadssummen var på 58,3 mill. kr. I 2016 kom det inn 26 søknader frå 17 kommunar (10 mill kr).

Det har kome inn mange gode søknader, og det har vore krevjande å fordele tilskota.

Dei aller fleste tiltaka omhandlar utbetring av fortau, gangfelt, vegljos, busslommer, rekkverk og siktutbetring. For nokre av dei største tiltaka kan det synast som om kostnadsramma er noko låg sett i høve til det tiltaket faktisk inneber, medan andre har sett ei høg kostnadsramme. Ut frå at det er kommunane som er byggherre, er dei ansvarlege for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket bør ferdigstilla i løpet av 2017.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen kan vere på inntil 4 mill. kr.
- Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplyst om i søknaden.

Dersom det er gode grunnar for det kan tiltaket vere toårig, det vil seie at det vert ferdigstilt i 2018. Midlane vert utbetalt ved ferdigstilling. Bakrunnen for dette er at det kan verte krevjande å få gjennomført tiltaket innan 2017.

Kort om søknadane og formelle krav

Totalt sett er det søkt om mange gode tiltak, og denne tilskotsordninga fungerer slik sett etter føremålet. Det er inga tvil om at kommunane ser eit stort behov for å få gjort utbetringar på fylkesvegnettet. Dei 38 tiltaka er ulike både i type, omfang og kostnader. Søknadane deler seg likt mellom ytre og indre strok av fylket. I 8 av tiltaka opplyser kommunen at dei tek delar av totalkostanden.

I Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune si vurdering av søknadane er det særleg lagt vekt på den trafikkfaglege delen av tiltaket, saman med intensjonen om punktutbetring og trygg skuleveg. Samstundes har den økonomiske kostnadsramma som kommunane har sett på dei einskilde prosjekta vore vurderert, - ikkje minst gjeld dette dei største tiltaka som krev særleg detaljering og kostnadsoverslag.

Kommunane må sende detaljerte planar til Statens vegvesen for godkjenning. For enkelte av tiltaka kan det vere aktuelt at kommunen og Statens vegvesen inngår gjennomføringsavtalar.

Nokre av tiltaka omfattar ny skilting, og med det krav om skiltvedtak frå Statens vegvesen. Skiltplanane (og skiltinga) må vera i tråd med sentrale skiltnormalar. Tiltak som omfattar ny skilting krev difor skiltvedtak frå Statens vegvesen.

I vurderinga har det vore viktig å løfte fram dei tiltaka som vil gje best trafikksikringseffekt innanfor dei rammene som er sett. For dei kommunane som har søkt om fleire tiltak er det ikkje i like stor grad teke omsyn til kommunen si eiga prioritering.

Tabelloversikt over søknadane:

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	2 200 000	2 200 000	Sikring av 5 kryssingspunkt.	2 200 000
2	ASKØY 2	Fortau, gangfelt og lys ved Strand	2 000 000	2 000 000	Sikring av kryssingspunkt. Dårlig sikt mot tunnel. Manglar fortau.	
3	AUSTEVOLL 1	Fortau, Storebøvegen	300 000	300 000	Etablering av fortau mot FV 546 ved Storebøvegen	
4	AUSTEVOLL 2	Fotgjengarovergang, Storebøvegen	50 000	50 000	Fotgjengarovergangfelt FV 546 som knytter gangveg ved Indreholmvegen og Storebøvegen i saman.	
5	AUSTEVOLL 3	Fartsregulering, Storebø	20 000	20 000	Setje ned hastighet for «miljøgata» til 30-40 km km frå krysset Indreholmvegen til forbi Storebø skule til krysset.	
6	AUSTRHEIM 1	Veglys, Hoplands./Lerøyvn	165 000	165 000	Veglys, 400 meter	
7	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Toftegård	1 270 000	1 270 000	Veglys, Mastrevik-Toftegård. 2,2 km	1 270 000
8	BØMLO 1	Veglys, Moster	850 000	850 000	Etablere veglys 600 meter, Totland - Grunnavågen	850 000
9	BØMLO 2	Mjuke trafikantar, Våge skule	250 000	250 000	Fortau i busslomme v/ Våge skule, opphøgd gangfelt.	
10	BØMLO 3	Opparbeida fortau og gangfelt	150 000	150 000	Opparbeida fortau og gangfelt på Stavland	
11	ETNE	Granittkantstein, Skånevik sentrum	600 000	600 000	Miljøgate. Skille vegbane og fortausareal med granittfortauskant.	
12	FITJAR	Fotgjengarfelt, fartshump, skilting	280 000	280 000	Fotgjengarfelt, fartshump, skilting ved avkjørsle Fitjarstølane, kunstgrasbanen	
13	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	13 000 000	4 000 000	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredder, grøfting, belysning, murar, avkjørsel.	2 000 000
14	FUSA	Lys i to tunnelar, Femanger	1 683 000	1 683 000	Lys i to tunnelar. Kan vere aktuelt med kom bidrag.	
15	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	3 500 000	3 500 000	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
16	KVINNHERAD	Gjermundshamn ferjekai	400 000	400 000	Avgrensing og fortau på kaiområdet og opp mot venterom/ busshaldeplass.	
17	KVINNHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	1 600 000	1 600 000	Veglys og kantstopp for buss.	1 600 000
18	LINDÅS 1	Fortau, Seim	4 000 000	4 000 000	Forlenge fortau i Lurevegen mot Strilatun.	
19	LINDÅS 2	Fortau Apalen	13 000 000	4 000 000	Fortau mellom Apalen og Kleidalsvegen - Leiknesvegen.	

20	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	5 000 000	4 000 000	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000
21	MELAND	Rekkverk på kritiske punkt	700 000	700 000	Rekkverk langs fylkesveg på kritiske punkt.	
22	OS	Veglys, Åsen	250 000	250 000	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
23	RADØY	Urhaug/Langøyane Toskavegen	606 110	606 110	Tilrettelegging for kryssing av hovedveg til og fra gang- og sykkelveg.	
24	STORD 1	Rundkøyring, Sagvåg sentrum	10 000 000	4 000 000	Rundkøyring i Sagvåg sentrum. Snikkarsvingen	
25	STORD 2	Intensivbelysning Leikvik sentrum Kulturhuset	300 000	300 000	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leikvik sentrum.	300 000
26	STORD 3	Intensivbelysning Leirvik sentrum	300 000	300 000	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leirvik sentrum.	
27	STORD 4	Intensivbelysning Leirvik sentrum gangveg fra Ås	300 000	300 000	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leirvik sentrum.	
28	STORD 5	Nytt intensivbelyst gangfelt, Tysevegen	300 000	300 000	Nytt intensivbelyst gangfelt, Tysevegen v/ kryss Furulyvegen.	
29	SVEIO	Fortau, Sveio sentrum	1 782 000	1 282 000	Fortau 130 meter, intensivbelysning, miljøgate, veglys, overvatn, vegsluk, asfalt. + Kommunal VA	
30	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	4 000 000	4 000 000	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass, Fjellvegen, 100 m. FV 79	1 530 000
31	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	2 000 000	2 000 000	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
32	ULLENSVANG	Veglys, Huse	180 000	180 000	Veglys, 9 ljospunkt	
33	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	9 717 509	2 000 000	Etablere fortau for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
34	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	700 000	500 000	Vaksdal (Duesvingen). Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuke trafikantar og trygg skuleveg	500 000
35	VAKSDAL 2	Dale (Kvamstotunnelen)	570 000	340 000	Dale (Kvamstotunnelen). Oppgradering/nytt fortau. Kvitkalking.	
36	VOSS	Betre tilbod for mjuke trafikantar	3 990 000	3 990 000	Nytt fortau, 2 m bredde, 500 m langt. Fartsdempande tiltak. Vinterdrift. FV 311	
37	ØYGARDEN 1	Bussoppstilling, Rong skule	1 943 379	1 943 379	Ny løysing for bussoppstilling ved Rong skule	
38	ØYGARDEN 2	Hellesøy, utbetring av endestopp for buss	8 690 000	4 000 000	Utbetring av endestopp for buss på Hellesøy	
	SUM		96 646 998	58 309 489		20 000 000

Nærare om nokre av søknadane

Tiltaka i Fjell, Masfjorden og Tysnes har fått ein reduksjon i høve til søknadssummen. Fjell kommune har eit stort tiltak (13 mill kr), og dette er allereie i prosess med ulike bidragsytarar. Tiltaket omhandlar ein

vegstrekning som er definert som «særs farleg skuleveg». Det er her vurdert slik at det bør vere ei avgrensing i kor stor andel fylkeskommunen skal gå inn med i tiltaket. Masfjorden har søkt om punktutbetring for 18 ulike punkt, som er kostnadsrekna kva for seg. Dette er ein god søknad, men det er vanskeleg å kunne bidra med heile søknadssummen i denne omgang. Ettersom dei 18 tiltaka er godt definert vil det vere mogleg å få utført ein god del med den summen som vert tildelt. Tiltaket som Tysnes kommune søker om er eit godt punktutbetringstiltak. Etter ei fagleg vurdering er det klårt at kostnadsramma for dette tiltaket prisa svært høgt, og tilskotssummen er difor redusert.

Tiltaka som kommunane Etne og Fusa søker om vil fylkesrådmannen ta med inn i arbeidet med Investeringsprogrammet for fylkesvegenettet. Dette er gode tiltak, men etter ei fagleg vurdering er dette tiltak som bør utførast av fylkeskommunen/Statens vegvesen.

Nokre av søknadane fell ikkje klårt innunder det som må reknast som punktutbetring eller trygg skuleveg, medan andre har avgrensingar i opplysningsar, type veg og planstatus/prosess. Når det gjeld Lindås kommune så søkte dei om to tiltak, der det mest aktuelle er forlenging av eksisterande fortau mot Seim skule. Tiltaket er i utgangspunktet godt, men tiltaket har ein uavklart situasjon. Den omsøkte planen har berre med seg fortau/fortausutviding og den har ikkje med seg utviding av fylkesvegen i tråd med gjeldande reguleringsplan. Planen har heller ikkje med seg utbetring av kryss/avkjørslar. Ut frå ei heilskapleg vurdering er uvissa i høve til plan og kostnad så stor at det ikkje var rom for å prioritere søknaden i denne omgang. Øygarden kommune søkte om to tiltak, der det eine er på kommunal veg (Rong skule), og det andre allereie er omfatta av andre prosessar.

Søknaden frå Voss kommune er kopla til ei statleg tilskotsordning, og må difor sjåast vekk frå i denne samanhengen.

Utover dei tiltaka som det her vert gjort framlegg om å tildele tilskot, samt det som er nemnd over, står kommunane Austevoll, Fitjar, Meland, Radøy og Sveio att. Søknadane frå desse kommunane omhandla i hovudsak tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det er gode søknader som er sendt inn, men det var ikkje rom for også å kunne tildele til desse kommunane.

Fylkesrådmannen sine vurderinger

Målsetjinga for desse midlane er å få utbetre særleg farlege punkt på fylkesvegenettet, samt å trygge skulevegane. Responsen og engasjementet frå kommunane må seiast å vere veldig god, ved at 23 av 33 kommunar har sendt inn søknad. Søknadssummen er nær tredobla av det som er disponibelt. Det er god geografisk spreiing på kommunane som har søkt.

Oppsummert vil fylkesrådmannen slå fast at dei aller fleste søknadane fell godt innunder det ein kan definere som «punktutbetring og trygg skuleveg», og dei kriteria som er sett for ordninga. Samanlikna med tilsvarande søknadsordningar frå tidlegare ser fylkesrådmannen ei god utvikling i søknadane som er kome inn, gjennom at omtalen og kostnadsrekningane av tiltaket er relativt godt utgreidd.

Ut frå dei midlane som er til disposisjon er det ikkje rom for å gje tilskot til alle dei 23 kommunane innanfor denne støtteordninga. Dette til trass for at det er fleire tiltak som er gode. Nokre av tiltaka vil fylkesrådmannen ta direkte med inn i arbeidet med investeringsprogrammet til fylkesvegenettet. Gitt at tilskotsordninga vert vidareført vil fleire av dei andre søknadane kunne løftast i ein slik prosess.

Fylkesrådmannen rår til at 13 tiltak får tilskot. Type tiltak varierer frå veglys, fortau, gangfelt, sikt- og punktutbetring. Lågaste tilskot som vert lagt til grunn er 250.000 kr til Os, medan Kvam herad vert tildelt den høgste summen på 3,5 mill kr. Ni av tretten tiltak opplyser at dei kan ferdigstille tiltaket innan 2017. I utgangspunktet ønska ikkje fylkesrådmannen å redusere på søknadssummane, dette med tanke på risiko for at tiltaket då ikkje vert realisert. Tre av tiltaka er likevel trekt ned, slik det går fram i utgreiinga over.

Når det gjeld den geografiske fordelinga av tiltak som får midlar er det i mindre grad, men likevel så langt som råd, teke omsyn til ei fordeling over heile fylket. Trass ei geografisk spreiing så varierer tiltaka i storleik og omfang. Dette kjenner ein att frå arbeidet med det ordinære Plan- og byggeprogrammet; ser ein på eitt år isolert så kan det synast noko ujamnt, men over tid så er fordelinga nokså lik. I den tildelinga som her ligg føre er dei fleste av dei høgste tilskotssummane (2-3,5 mill kr.) tildelt kommunar i indre strok.

Erfaringane frå tilsvarende tilskotsordning frå 2016 var at kommunane gjennomførte alle tiltaka innan fristen. Statens vegvesen melder tilbake at nokre av kommunane i stor grad leit på bistand frå Statens vegvesen. Det er kommunane sjølv som har ansvaret for å planlegge og gjennomføre tiltaket. Det er difor viktig at kommunane avklarar eventuelle spørsmål ved tiltaket i forkant med Statens vegvesen. Statens vegvesen skal også godkjenne tiltaket som er utført, før det kan meldast inn som ferdigstilt til fylkeskommunen.

Det er viktig å merke seg at dersom tiltaket overstig kostnadsramma som kommunen har sett i søknaden, ligg ansvaret for dette hjå kommunen sjølv.